


# Handlingsprogram

**Utviklingsplan Gol tettstad**

**Kommunedelplan Gol tettstad  
2006-2016**



**Vedteke av Kommunestyre i K-sak 46/06**



## **INNHALDSLISLE:**

- 1. INNLEIING: .....FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
- 2. GJENNOMFØRINGSORGANISASJON:.....FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
- 3. TILTAK:.....FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
  - 3.1 FOLKETALS- OG BUSTADUTVIKLING..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
  - 3.2 INFRASTRUKTUR ..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
  - 3.3 AREAL- OG NÆRINGSUTVIKLING ..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
  - 3.4 OFFENTLEG OG PRIVAT SERVICE ..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**
  - 3.5 REGIONAL ROLLE ..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**

## 1. Innleiing:

Utviklingsplan Gol tettstad vart vedteken i K-sak 01/05. Punkt 2 i vedtaket syner at prioriterte utviklingstiltak og aktivitetar skulle konkretiserast gjennom eit eige handlingsprogram når både utviklingsplanen og kommunedelplanen var vedteken.

Utviklingsplanen gav klare føringar for arbeidet med arealdelen til kommunedelplanen. Kommunedelplanen vart 1. gongs handsama i F-sak 46/05. I samband med førebuing til 2. gongs handsaming har ein laga eit konkret forslag til handlingsprogram ut frå dei prioriteringar utviklingsplanen og Kommunedelplanen Gol tettstad inneheld.

Handlingsprogrammet inneheld forslag til tiltak, oversikt på ansvarleg for gjennomføring, aktuelle samarbeidspartnarar og tidsramme. Finansieringsopplegg må vurderast særskilt for kvart enkelt tiltak før dei vert sette i gang.

Handlingsprogrammet vil vere verktøyet ein nyttar for å realisere både utviklingsplanen og Kommunedelplanen i åra framover.

Med bakgrunn i ei ynskt utvikling, inneheld utviklingsplanen og Kommunedelplanen Gol tettstad følgjande tre prioriterte utviklingsområde:

- Øvre sentrum
- Storøyeni
- Hallingmo

I tillegg skal kommunen arbeide med:

- Nedre sentrum
- Næringsutvikling
- Regional rolle

I utviklingsplanen vart det også framheva at ein skulle etablere eigne prosjekt knytt til


- Utviklingsmoglegheiter for Gol stasjon
- Vegserviceanlegg på Glitre

## 2. Gjennomføringsorganisasjon:

Gjennom prosessen og arbeidet med utviklingsplanen og kommunedelplanen har ein funne fram til ein ynskt utviklingsretning for Gol tettstad. Utviklingsretninga omfattar i hovudsak scenariet "Gol på tvers", dvs. dei mest aktuelle utviklingsområda ligg på tvers i tettstaden.

For å realisere ei slik utvikling, må ein arbeide målretta mot konkrete handlingstiltak. Nokon tiltak kan gjennomførast på kort tid med små ressursar, medan andre tiltak krev store ressursar og langt realiseringstid. Tiltaka nedanfor er prioritert ut frå kva tiltak ein meiner må realiserast fyrst for å nå ynskt utvikling, dvs. det er ikkje teke særskilt omsyn til kva ressursar som trengst for å realisere målsetjingane.

Føresetnader for vekst er mellom anna avhengig av tilgang på kapital og kompetanse. Ein gjennomføringsorganisasjon må ha fokus på dette for å kunne realisere aktuelle tiltak. Ein effektiv og handlekraftig gjennomføringsorganisasjon kan organiserast slik:



Formannskapet som planutval vil vere ei naturleg styringsgruppe, medan administrasjonen ved rådmann er ein like naturleg prosjektansvarleg. Referansegruppa kan vere sett saman av ulike fagpersonar. Om ein skal nytte ekstern eller intern prosjektleder vil nok kunne variere frå tiltak til tiltak, men samla sett er det nok mest effektivt om ein person har gjennomføringsansvaret for fleire tiltak. Vedkommande må også ha moglegheita til å kunne organisere eventuelle arbeidsgrupper for å få gjennomført tiltaket.

Oversikten nedanfor synet at det er viktig å komme i gang med dei fleste tiltaka i løpet av 2006 og 2007. Dette peikar i retning av at ein bør nytte ein eigen prosjektleder som kan koordinere, rapportere og sikre kontinuerleg framdrift på dei planlagde tiltaka.

### 3. Tiltak:

For å kunne sjå handlingsprogrammet i samanheng med utviklingsplanen, har ein nytta følgjande inndeling av tiltaksområda:

- ✓ Folketals- og bustadutvikling
- ✓ Infrastruktur
- ✓ Areal- og næringsutvikling
- ✓ Offentleg og privat service
- ✓ Regional rolle

#### 3.1 Folketals- og bustadutvikling

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartnar	Gjennomføring
1	Utarbeide eit bustadbyggeprogram som vurderer framtidig bustadbygging i heile kommunen og sentrum spesielt. Synleggjere framtidig behov for utbygging av skule, barnehage og teknisk infrastruktur.	KOM		Oppstart i 2007 i samband med revisjon av kommuneplanen

#### 3.2 Infrastruktur

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartnar	Gjennomføring
1	Lokalisere vegkro, serviceanlegg, bensinstasjon m.m. på Glitre.	KOM og PRIV	PRIV, BFK og SVS	Oppstart 2006
2	Utarbeide energibruksplan for kommunen med særskilt vekt på Gol sentrum.	KOM	HK, PRIV og BFK	Oppstart 2007
3	Program for realisering av føreslegne turvegar og gang- og sykkelvegar.	KOM	FMB, BFK og SVS	Oppstart 2007
4	Utarbeide grønstrukturplan for tettstaden. Breidokkejordet som ei grøn lunge, utvikle parkområde for friluftsliv og sikre tilkomst til Hemsil og Hallingdalselva	KOM	PRIV	Oppstart 2007
5	Ny avkjørsel frå Rv 7 ved Storøyne (dersom det blir aktuelt)	KOM og PRIV	PRIV, BFK og SVS	
6	Omlegging av Rv 51/52 over Vonheim	SVS	KOM	

#### 3.3 Areal- og næringsutvikling

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartnar	Gjennomføring
1	Stadsanalyse, arkitektkonkurrans og reguleringsendring for området med særskilt fortettingspotensiale i sentrumsområdet, dvs. området Kremmartunet - Pers Hotell – Gamlevegen.	KOM og PRIV	PRIV	Oppstart 2006
2	Starte ein prosess med interessentane på Storøyne for konkretisering og samordning av planane for kultur- og aktivitetspark.	KOM og PRIV	PRIV, BFK og SVS	Oppstart 2006

3	Gjennomføre forhandlingsplanlegging med sikte på arealfortetting i sentrum (m.a. nord for Sentrumsvegen i området Gymnasvegen - Torstadvegen). Utarbeide føresegner med sterkare utnyttning av areala, føresegner for vidare utvikling med omsyn til estetikk, byggjeskikk m.m.	KOM og PRIV	PRIV	Oppstart 2007
4	Gjennomføre aktivitetsarrangement og satse på marknadsføring av kommunen og tettstaden	GR	KOM og PRIV	Årleg
5	Arrangere årlege utviklingskonferanser for å samordne, evaluere og sette nye handlingsmål	KOM	DBC og BFK	Kvart år frå 2007

### ***3.4 Offentleg og privat service***

<b>Nr</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Samarbeidspartnar</b>	<b>Gjennomføring</b>
1	Vidareføre arbeidet som er påbyrja i koordineringsgruppa for Hallingmoprojektet. Etablere ein gjennomføringsorganisasjon med hovudfokus på å realisere projektet.	KOM, IDRL og BFK	IDRL, BFK og PRIV	Oppstart 2005
2	Utarbeide reguleringplan for områda ved Heslafossen (A2) og Hesla brua (A3). Ta vare på kulturminner i sentrum i sitt opphavlege miljø. Registrering og utarbeiding av retningslinjer	KOM og PRIV	PRIV, NVE, SVS og BFK	Oppstart hausten 2006

### 3.5 Regional rolle

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartnar	Gjennomføring
1	Vurdere utviklingsmoglegheiter for Gol stasjon	KOM og RR	RR, BFK, NSB og JBV	Oppstart 2006 Innspeil til nasjonal transportplan
2	Følgje opp strategiar og planar for utbetring av Rv 7 og jernbanen – i samsvar med Strategisk plan for Hallingdal	RR	KOM, BFK, SVS, NSB og JVB	Årleg Innspeil til nasjonal transportplan
3	Legge til rette for at nye statlege og fylkeskommunale fellestiltak med eitt kontor i Hallingdal vert lokalisert på Gol.	KOM og RR	RR	Årleg

#### Oversikt forkortingar:

KOM:	Gol kommune	PRIV:	Private
BFK:	Buskerud fylkeskommune	SVS:	Statens vegvesen
FMB:	Fylkesmannen i Buskerud	HK:	Hallingdal kraftnett
GR:	Gol Reisemål	DBC:	DBC Næringshage
NVE:	Noregs vassdrag- og energiverk	IDRL:	Gol idrettslag
NSB:	Noregs statsbaner	JBV:	Jernbaneverket
RR:	Regionrådet for Hallingdal		